



Møtereferat - planforum 11.03.2014

Stad: Storehagen Atrium i Førde, Fylkeshuset på Leikanger

Referent: Torbjørn Hasund

Kl. 09:00 Førde kommune – områderegulering Brulandsvellingene

Til stades: Odd Harry Strømsli, Ole John Østenstad, Berit Holme – Førde kommune, Olav Eikland – Asplan Viak, Hanne Toftdahl - Vista Analyse, Heidi Sandvik - FM miljøvern, Oddgeir Aardal – FM landbruk, Toralf Otnes – NVE, Olav Svangstu, Bjarte Sandal, Statens vegvesen, Knut Åland – FK KA, Mona Steinsland, Trond Sundby, Torbjørn Hasund – FK PSA

Sundby – det avgjerande i denne saka i tillegg til jordvernsyn er å få klarlagt best mogleg kva konsekvensar ei slik etablering vil få for «urban byutvikling» i sentrum slik kommunal planstrategi, gjeldande planar og framlegg til kommuneplan har som målsetting.

Sundby - dersom kommunen vil gå vidare med COOP sine planar om å etablere eit handelshus på Brulandsvellingene utafor Førde, tilrår vi at det vert utarbeidd ei regional handelsanalyse som ein del av konsekvensutgreiinga ettersom ei slik etablering vil ha konsekvensar både for bysentrum, handelsstrukturen i fylket i tillegg til jordvern, klima og miljø.

Østenstad – for Førde kommune er kva verknad ei slik utbygging vil ha for Førde sentrum det mest sentrale å få svar på gjennom konsekvensutgreiinga.

Aardal – det vil gå med 150 daa dyrka jord, areal kommunen har lagt ut som kjerneområde landbruk. Konfliktfyllt. Vege jordvernet mot andre samfunnsinteresser. FM LA vil vurdere motsegn.

Åland – ikkje registreringar i Askeladden. Men landbruksareal og dermed stor sannsynlegheit for kulturminne. Men KA må vite meir gjennom undersøkingar før ein kan vurdere konfliktgrad og eventuell motsegn. Nyare tids kulturminne må og undersøkast, men lite truleg grunnlag for motsegn.

Sandvik- viktige utgreiingstema er med. Naturverdiar, ikkje berre utanfor men også innanfor planområdet. Ganske stort areal ved elva som friområde, og slik det ser ut no ligg det ikkje an til motsegn i høve naturverdiar. Naturmangfaldlova og krava der må vurderast nærare. FM er opptekne av at elva ikkje skal verte negativt påverka. Saknar universell utforming som tema. Anbefaler å nytte same metodikken på alt, Statens vegvesen si handbok 140. Samanstilling av alle tema og samla vurdering i felles rapport viktig.

Strømsli – utgreiinga og analysen skal vere klart i mai slik at dei får sy det inn i arealdelen. Diskusjon om KU-forskrift kontra fylkesdelplan for arealbruk, definisjonar og signal frå departementet. Toftdal ønskte avklaring i høve vidare arbeid med analyse. Eikeland viste til eksempel frå aust – Agder frå 2013 med regional plan for FDP for arealdel og signal frå departementet.

Sandvik – i den grad denne regplanen vert i strid med RPR for kjøpesenter, vil det ligge til grunn for motsegn. Detaljhandel strengt, arealkrevjande handel stiller seg litt annleis. Forvente motsegn frå FM dersom lagt opp til detaljhandel. RPR for transport og arealplanlegging vil og kunne verte lagt til grunn. Ho nemnde også folkehelse og avstand til sentrum. Om sentrumsgrense – det ligg føre reglar for fastsetjing av sentrumsgrense.

Holme – detaljhandel kva er definisjonen? Sandvik – nyttar vurderinga til planjuristen, jf den som vart lagt fram i møte 27.02.13. Sandvik understreka at tiltak skal vere i tråd med fylkesdelplanen.

Sundby - vil fremma saka for FU, eventuelt med innstilling mot motsegn. Påstanden om at tiltaket vil føre til mindre handelslekkasje mot Bergen og Ålesund må undersøkast i KU.

Aardal - i programmet er det skissert ei fullutnytting i fleire etasjar. Ønsker alternativ, t.d. vurdere moglegheitene for utbygging over eksisterande parkeringsareal. Plassere mest mogleg på eksisterande areal.

Strømsli om alternativ. Planarbeidet omfattar bruk av eksisterande utbygging på Brulandsvellene. Eikeland – tiltakshavar har anstrengt seg for å lage ei konsentrert utbygging. Kjem til å lage vurdering av korleis utnytte eksisterande utbyggingar. Fortetting av eksisterande utbygging på Brulandsvellene, Førde sentrum og Moskog er også tema i planen.

Toftdal – nemnde omgrepet analyse for «urban utvikling». Urban utvikling er ein breiare og meir omfattande definisjeon enn byutvikling. Riktig å ikkje aleine sjå på handel men også andre faktorar som er med på å skape urban utvikling

Mona – om ein skal nytte omgrepet urban utvikling må det byggje på grunnverdiane til Førde kommune. Ser ikkje at desse planane styrkar det å byggje Førde med særeigne kvalitetar.

Sandal / Svangstu– det er naudsynt med trafikkanalyse for ulike alternativ (med og utan rundkjøring) for å sjå korleis vegsystemet vi takle ei så stor utbygging. Deler av vegnettet, veglenker og kryss i Førde nærmar seg kapasitetsgrensa, og denne utbygginga *kan* vere avgjerande for kva løysingar som må veljast, for eksempel 4-feltsveg.

Eikeland – for å produsere fleire regionale kundar, er det for tiltakshavar viktig at alle verkemidlar går i den retninga at dei er attraktive for potensielle kundar.

Sundby – kva med realismen i dei andre alternativa? Er tiltakshavar eigentleg interessert? Eikeland - tiltakshavar har ingen interesser i dei andre alternativa. Det er kommunen som ønskjer utgreiing av alternativa.

Åland – om prosessen. Starte med forundersøking, finn ein potensiale gjennom desse er det aktuelt med sjakting. Elva fell inn under ansvarsområdet til Bergen Sjøfartsmuseum. Østenstad - sjekke ut om det alt har vore gjort bakkeplanering som har fjerna potensiale for funn av kulturminne. Åland – det må uansett gjennomførast forundersøkingar og eventuelt sjakting.

Otnes – forholdsvis bra avstand til elva. Vurdering av grunnforhold mot elva bør gjennomførast sjølv om avstanden til elva ser ut til å vere god nok. Førebelse flaumsonekart viser at flaumfaren er liten. Framskrivne data for vasstandsauke vil ligge nær vasstanden for tusenårsflaumen. Planprogrammet på dette temaet er ok.

Sundby – formell motsegn kjem eventuelt i høyringa.

Strømsli – om no konklusjonen vert at ein ikkje får lov til å utvide på Brulandsvellingene, og går vidare med ei fortetting – korleis vert dette i høve kjøpesnetterforskrifta? Sandvik - også ei fortetting vil vere i strid med RPR for sentrum. Diskusjon om reglane på dette. Tiltakshavar kan søkje fylkesmanne om dispensasjon frå Kan søkje, om ikkje i strid med formålet kan fM gje løyve til utviding. Sandvik oppmoda om kontakt med Arnt Erik Nordheim, planjurist hjå FM.

Strømsli om bustader knytt til næringsbygg - dette skal i tilfelle gjerast på ein god måte. Steinsland – å bu handlar om mange faktorar, og ein god situasjon å bu i. Ein må ha full kontroll på korleis utbygging skapar eit miljø for dei som skal bu. Det å skape buplassar oppå det store «bokselandskapet» nær trafikken er krevjande. Ein må ha kontroll over alle faktorane naudsynte for å skape eit godt bumiljø.

Strømsli orienterte til slutt om planprosessen vidare, og antyda ønskje om å ta planen inn i planforum seinare i prosessen.

Slutt 11:45